

Nærings- og fiskeridepartementet,

Postboks 8090 Dep,

0032 Oslo.

Sendt pr. elektronisk post; postmottak@nfd.dep.no

Høyring om forskrift om fellesansvar for utfisking av rømd oppdrettsfisk.

Hardangerfjord Villfisklag representerer jakt- og fiskerlag og rettighetshavarar til vassdrag kring Hardangerfjorden. Laget var skipa i 20014 og har som mål å arbeide for ei berekraftig forvaltning av fisk og miljø i vassdrag og fjord.

Hardangerfjorden er eit område med særlege utfordringar og har i fleire tiår hatt ein konsentrasjon av lakseoppdrettsanlegg i verdstoppen. For dei ville bestandane av laks- og sjøaure har dette ført til store utfordringar og mange av bestandane er i dag på eit kritisk lågt nivå. M.a. er det på denne bakgrunn vart framlegget om ei eige Hardangerfjordforskrift fremja, «frysvedtaket» innført og det er vedteke etablert ein genbank for 15 til 17 av Hardangerbestandane.

Bakgrunn for uttalen vår.

Hardangerfjord Villfisklag har ved fleire høve teke til orde for å få etablert eit offentleg styrt miljøfond som ei pliktig kollektiv ordning for akvakulturnæringa. Eit fond som skal ha som formål å sikre ressursar til beredskap/overvaking og opprydding i fjord og vassdrag etter prinsippet om at «forureinar betalar».

Vår erfaring og organisering av uttaksarbeidet

Hardangerfjord Villfisklag har fått etablert lokale uttaksgrupper sett saman av personar tilknytt fleire av vassdraga våre. Det er utplassert nødvendig operativt utstyr, dykkerdrakter, garn og anna fangstutstyr for å kunne ta ut rømd laks i vassdraga. Det er over fleire år samarbeid med fagmiljø og forvaltning gjennomført kurs i identifisering og uttak av rømd laks. I alt har 50 til 60 personar vore deltakarar på slike kurs. Gruppene er organisert med medlemmer frå grunneigarlag og jeger- og fiskarlag. Dei har ansvar for overvaking, uttak og rapportering av uttak. Desse gruppene er lokalt rekruttert, dei kjenner vassdraga, dei kan enkelt bli mobilisert ved akutt tilfelle og dei er motivert til «å rydde opp i vassdraget sitt». Kvar haust blir det gjennomført gytetelling i Hardangervassdraga.

Her får ein og eit oversyn over tettleiken av rømlingar, kvar desse står i vassdraga og kan være svært målretta i uttaket .

Dette tiltaket er prøvd over fleire år og er eit praktisk døme organisert på regionalt nivå, bygd på eit samarbeid mellom oppdatert kompetanse, lokalkunnskap og bidreg til entusiasme i forvaltninga av vassdraga.

Forslaget til styring av tiltaket

Uttak av rømt fisk er og har vore ei kontinuerleg oppgåve i Hardangerfjordvassdraga i svært mange år. Forvaltning og elveeigarar har ei felles forståing av situasjonen og at dette arbeidet er særleg viktig med små og svært sårbare laksebestandar. Erfaringa vår så langt er diverre at næringa sin vilje og forståing ikkje gir tiltru til framlegget så lenge det er eit fleirtal av næringsaktørar i styret av fondet. At lakseoppdrettsnæringa får avgjerande innverknad på korleis samanslutninga skal drivast og korleis pålegg frå styresmaktene skal oppfyllest gir grunn til stor skepsis og uro. I praksis vil det føre til ei privatisering av denne forvaltingsoppgåva. Ein finn neppe døme i samfunnet elles på at forureinar sjølv får avgjerdsmynde i høve til å prioritere kvar og korleis tiltak skal iverksetjast.

Departementet foreslår at styret av fondet skal få ansvar med å planlegge tiltaket og bestemme kven som skal stå for gjennomføring. Dette vert argumentert utifrå at det er næringa som skal stå for finansieringa av tiltaket. Vidare at det skal vert lagt ei kost/nytte vurdering til grunn for gjennomføring. Etter vårt syn må dette tuftast på langt breiare fagleg grunnlag, ikkje bli vurdert i eit fora der eit fleirtal òg er pålagt å ta kostnaden med tiltaket.

Difor er det vårt syn at eit partsamansett offentleg styrt miljøfond vil ha ei tryggare forankring og langt større legitimitet.

Tilhøvet til Villaksnorma

Kvalitetsnorma for villaks er utforma med heimel i naturmangfaldslova § 13 og skal bli lagt til grunn i forvaltninga. Det er difor viktig at prinsippet om at skade og tiltak tek utgangspunkt i og vert vurdert utifrå dei same kriteria, også vert lagt i botnen for denne forskrifta.

Kontinuerleg overvaking og beredskap.

All forskning og erfaring er samstemt i at dei reelle rømmingstala er langt frå det næringa rapporterer. Det er difor viktig at ein legg inn ressursar for kontinuerleg overvaking og beredskap i fjorden og vassdraga. Her meiner vi at den modellen vi har hatt i Hardangerfjorden over fleire år kan tene som eit godt utgangspunkt.

Oppsummering

Vi sluttar oss til tanken om å opprette eit kollektivt obligatorisk miljøfond, gjerne finansiert gjennom ei omsetningsavgift. Fondet må ha ei offentleg styring, aktivitet bygd på fagleg tufta avgjerder og være gjeldande for alle lakseførande vassdrag.

Hardangerfjord Villfisklag

Sven-Helge Pedersen